ALVER
KOMMUNE

Bernt Ole Fiskeseth
FISKESET 34
5912 Seim

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Ingrid Bjørge Pedersen | 03.02.2022 |
| Vår: 22/390 - 22/8714 | ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune.no | |

# Vedkomande spørsmål om solcellepanel - gbnr 161/1 Fiskeset

Vi syner til Dykkar brev motteke her den 14.01.2021 vedkomande etablering av solcellepanel.
Utklipp syner ynskja plassering:




Utklipp syner planføremål i kommuneplana sin arealdel:




**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no
Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Arealet ligg innafor det som i kommuneplana sin arealdel er sett av til LNF-føremål. Det vil difor vere naudsynt å søkje dispensasjon i frå dette. I Nibio sin kartbase ligg det aktuelle området innafor overflata dyrka mark og innmarksbeite. Det kan vere aktuelt med med vedtak etter jordlova vedkomande omdisponering av dyrkbar mark. Vi ber om at De tar kontakt med avdeling for Landbruk er i kommunen for nærare vurdering av dette, og eventuelle gebyr som følgjer med.

Når det gjeld gebyrsatsar etter plan- og bygningslova vil det slik det kan sjå ut vere følgjande som gjeld:

1. Dispensasjon for planføremålet LNF: 17 425 kr
2. Oppføring av konstruksjon og anlegg: 18 450 kr

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Ingrid Bjørge Pedersen<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bernt Ole Fiskeseth | FISKESET 34 | 5912 | Seim |